



Det vart laga ei kalk-sky under Ulvanåso ved middagstider måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På ein god halvtime spreidde Airlifts helikopterpilot Lars Blom fra Gävle i Sverige 10 tonn kalk over Uskedalsvassdraget måndag.. Med det er det teke eit nytt løft for enda betre fiskefangstar i framtida.

Kalking frå lufta vart starta før kalkingsanlegget kom og er nødvendig sjølv om det stasjonære anlegget har ein svært viktig funksjon. Med "luftkalken" når ein fram til delar av vassdraget som det ikkje er mogeleg å kalka på anna vis.

Dessutan er det miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen som både organiserer og betalar for operasjonen. Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag treng berre å bistå med det reint praktiske når det engasjerte firmaet kjem med rullande rigg og helikopter. Det franskbygde helikopteret som vart brukt måndag er forresten nytt – og kosta 17 millionar!



Helikopteret flaug ut eitt tonn kalk i kvar vending. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Airlift Helikopter Sweden har basen sin i Hudiksvall og driv mykje med både kalking av vassdrag, skog og dyrka jord rundt om i Skandinavia. Men selskapet er eit dotterselskap av det norske Airlift. Dette var fjerde gongen Airlift var engasjert til kalking av Uskedalsvassdraget, som også denne gongen vart gjennomført imponerende raskt og effektivt. Mannskap og maskinar kom rett frå Etne og skulle vidare til Førde.

Visitten her i bygda gjekk meir smertefritt enn i fjor. Då skulle pilot Lars overnatta på Rosendal Fjordhotell, men han tok feil i halvmørkret og landa foran Rosendalstunet. Det vekte som rimeleg var stor oppsikt.

- Eg tykte det var litt rart at det sto så mange i vindauga, og enda merkelegare tykte eg det var at så mange hadde rullatorer. Men eg gjekk no inn og spurte om eit rom for natta. Då fekk eg til svar at eg var ikkje gamal nok,

skrattar Lars, som vart hjelpe på rett spor av ein uskedeling. Ho fekk ein helikoptertur over Uskedalen som takk, men Lars vil gjerne takka henne skikkeleg ein gong til hvis han får namnet hennar.

Han er forresten sjølv eigentleg pensjonist, men i Sverige får helikoterpilotane lov til å halda på lenger enn i Noreg – hvis dei sjekkar helsa kvart halvår.

Av Ola Matti Mathisen



Oppsynsmann for grunn- og elveeigarlaget Arne Terje Haugland hjalp pilot Lars Blom med kalkingsjobben. (Foto: Ola Matti Mathisen)